

# **FORSKRIFT OM GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE**

**ÅSERAL KOMMUNE 2023 - 2027**

# Innhold

|                                                                                |          |
|--------------------------------------------------------------------------------|----------|
| <b>§ 1 FØREMÅL OG VIRKEOMRÅDE.....</b>                                         | <b>3</b> |
| <b>§ 2 ANSVAR OG MYNDE .....</b>                                               | <b>3</b> |
| <b>§ 3 DEKNING AV UTGIFTER OG ØKONOMISKE TAP, JF. KOMMUNELOVEN § 8-3 .....</b> | <b>3</b> |
| <b>§ 4 ARBEIDSGODTGJERSLE, JF. KOMMUNELOVEN § 8-4.....</b>                     | <b>4</b> |
| ORDFØRAR .....                                                                 | 4        |
| VARAORDFØRAR .....                                                             | 4        |
| FORMANNSKAPET SINE MEDLEMMAR FOR ØVRIG: .....                                  | 4        |
| LEIAR FOR HOVUDUTVAL .....                                                     | 4        |
| KOMMUNESTYRET .....                                                            | 4        |
| HOVUDUTVALA.....                                                               | 5        |
| UNGDOMSRÅDET.....                                                              | 5        |
| ANDRE UTVAL .....                                                              | 5        |
| FRIST FOR INNSENDING AV REKNING.....                                           | 5        |
| <b>§ 5 ANNA GODTGJERSLE .....</b>                                              | <b>5</b> |
| <b>§ 6 RETT TIL SJUKEPENGAR, YRKESSKADE OG PERMISJON .....</b>                 | <b>6</b> |
| <b>§ 7 ETTERGODTGJERSLE JF. KOMMUNELOVEN § 8-6.....</b>                        | <b>6</b> |
| <b>§ 8 TOLKING OG ENDRING AV REGLEMENTET .....</b>                             | <b>6</b> |
| <b>§ 9 IKRAFTSETTING.....</b>                                                  | <b>6</b> |



# Forskrift om godtgjersle til folkevalde, Åseral kommune, 2023–2027

Fastsett av Åseral kommunestyre 12.10.2023, sak 59/23, med heimel i lov av 22. juni 2018 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) kapittel 8, Rettigheter og plikter for folkevalgte.

## § 1 Føremål og virkeområde

Forskrifta har som føremål å sikre dei folkevalde, jf. kommuneloven §§ 5-1 og 5-2) i Åseral kommune godtgjering og dekking av utgifter i samband med deira kommunale verv.

Forskrifta omfattar medlemmar i folkevalde organ og andre politisk valde representantar i råd og utval, jf. den politiske organiseringa i Åseral kommune.

Forskrifta er fastsett i samsvar med forvaltningsloven § 37 og utarbeidd i medhald av kommuneloven kap. 8 der det går fram at kommunestyret sjølv skal gje forskrift som omfattar

- dekking av utgifter og økonomisk tap (§ 8-3)
- arbeidsgodtgjering (§ 8-4)
- etterløn (§ 8-6)
- permisjonar (§ 8-10)

## § 2 Ansvar og mynde

Medlemmer i kommunen sine folkevalde organ pliktar å delta i organa sine møte om dei ikkje har gyldig forfall, jf. kommuneloven § 8-1.

Forfall skal meldast til politisk sekretariat snarast råd. Sekretariatet kallar inn vararepresentant.

Må nokon på grunn av lovleg forfall forlate møtet under møte, melder han/ho straks frå til møteleiar.

## § 3 Dekning av utgifter og økonomiske tap, jf. kommuneloven § 8-3

Folkevalde som får tap i arbeidsinntekt på grunn av kommunale verv, får dekt dette tapet på grunnlag av dokumentasjon frå arbeidsgjevar. Dette gjeld tap i arbeidsinntekt som kjem i tillegg til ev. frikjøpsordning, og/eller reelt tap når frikjøpsordninga ikkje vert eller kan nyttast. Tapt arbeidsforteneste skal dokumenterast av arbeidsgjevar (dette omfattar feriepeng grunnlag og eventuell forventa inntekt, turnustillegg, overtid og liknande). I utgangspunktet skal refusjon med arbeidsgjevar gjerast opp direkte med Åseral kommune.

Tapt arbeidsforteneste hjå sjølvstendig næringsdrivande vert dokumentert av deira rekneskapsførar. Om dette ikkje let seg gjera vert ulegitimert sats utbetalt. Formannskapet fastset satsane.



Fell møtet på ein fridag ligg det ikkje føre tapt arbeidsforteneste.

Reiseutgifter blir dekkja etter Statens reiseregulativ. Reisene må vera best mogleg samordna. Bustad vert rekna som utgangspunkt for reisa.

Ordførar får dekt utgifter til mobiltelefon.

## § 4 Arbeidsgodtgjersle, jf. kommuneloven § 8-4

### Ordførar

Ordførarvervet er fastsett til 100 %-stilling, og godtgjersla er 90 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Godtgjersla skal justerast per 1. mai kvart år.

Ordførar får ikkje møtegodtgjersle eller tapt arbeidsforteneste.

### Varaordførar

Godtgjersle til varaordførar er fastsett til 7 % av godtgjersla til ordføraren. Varaordføraren si godtgjersle skal dekke vanlege varaordføraroppdrag og kortare vikaroppdrag for ordføraren. Om varaordføraren fungerer som ordførar over eit lengre tidsrom, skal godtgjersla vurderast av formannskapet.

### Formannskapet sine medlemmar for øvrig:

Formannskapet sine medlemmar for øvrig har ei fastsett godtgjersle på 4 % av godtgjersla til ordføraren.

### Leiar for hovudutval

Leiar for hovudutval si godtgjersle vert sett til 2,5 % av ordføraren si godtgjersle. I tillegg får leiar av hovudutval ei godtgjersle på 1,5 ‰ av ordførar si godtgjersle per møte.

Ved langvarig fråvær, ein månad eller meir, vert medlemmet trekt forholdsvis i godtgjersla. Respektive vararepresentant vil for same tida få godtgjersle som ordinært medlem av formannskapet eller hovudutvalet. Det må søkjast fritak for langvarig fråvær, jamfør kommuneloven § 7-9.

### Kommunestyret

Representantar i kommunestyret får ei godtgjersle på 1 promille av ordførar si godtgjersle per møte. Møtande varamedlemmar får same godtgjersle.

## Hovudutvala

Medlemmar og møtande varamedlemmar i hovudutvala får møtegodtgjersle tilsvarande representantane i kommunestyret.

## Ungdomsrådet

Medlemmar og møtande varamedlemmar i ungdomsrådet får møtegodtgjersle tilsvarande halvparten av representantane i kommunestyret.

Leiar av ungdomsrådet får møtegodtgjersle tilsvarande halvparten av hovudutvalsleiar.

## Andre utval

Medlemmar og møtande varamedlemmar i utvala får møtegodtgjersle tilsvarande representantane i kommunestyret.

Leiar av andre utval enn hovudutvala får ei godtgjersle på 1,15 promille av ordførar si godtgjersle per møte.

Ein person som i sin funksjon som kommunalt tilsett, er vald/oppnemnd til medlem av kommunalt politisk organ har rett til same godtgjersle som andre medlemmer av utvalet.

Generelt vert det ikkje utbetalt meir enn ei møtegodtgjersle per dag.

Møte i politiske organ vert godtgjort som eitt møte, sjølv om møtet går over fleire dagar.

Ad-hoc-utval som eit politisk organ har oppretta vert godtgjort etter reglane i denne paragrafen om ikkje ordføraren bestemmer noko anna.

Møtegodtgjersla vert òg utbetalt ved deltaking på kurs, informasjonsmøte, synfaring og oppmøte på andre politiske plikter/møte som ikkje krev førebuing.

## Frist for innsending av rekning

Rekning skal først på fastsett elektronisk skjema og sendast til [politikk.aseral@aseral.kommune.no](mailto:politikk.aseral@aseral.kommune.no) snarast, men seinast innan 3 – tre – månadar etter møtedato dersom ikkje anna er avtalt.

## § 5 Anna godtgjersle

Godtgjersle valmedarbeidar/røystestyre: Løn som fagarbeidar med full ansiennitet. Kveldstillegg etter klokka 17:00. Ytinga gjev ikkje rett til pensjon.

Kommunalt tilsette får ordinær løn i staden for godtgjersle.



## **§ 6 Rett til sjukepengar, yrkesskade og permisjon**

Folkevald som har vervet som si hovudstilling har same rettar til sjukepengar som tilsette i kommunen, ytingar i samband med yrkesskade og permisjon, jf. kommuneloven §§ 8-8 – 8-10.

Sjukepengar vert ikkje utbetalt utover den perioden ordførar mottok godtgjersle for.

Ordførar er meldt inn i Åseral kommune si pensjonsordning jf. kommuneloven § 8-7.

## **§ 7 Ettergodtgjersle jf. kommuneloven § 8-6**

Folkevalde som har vervet som si hovudstilling kan innvilgast ettergodtgjering i inntil tre månadar etter valperioden. Søknad om ettergodtgjersle vert handsama av kommunestyret.

Retten til ettergodtgjersle skal avkortast krone for krone mot anna inntekt. Det same gjeld for ordinær inntekt som den folkevalde friviljug avstår frå.

Folkevalde vil ikkje motta andre ytingar (t.d. møtegodtgjersle) i perioden han/ho får ettergodtgjersle.

## **§ 8 Tolkning og endring av reglementet**

Bare kommunestyret sjølv kan vedta realitetsendring av dette reglementet.

Ordførar får fullmakt til å tolka dette reglementet. Dersom det oppstår tvist, vil desse bli avgjort av formannskapet med endeleg verknad.

## **§ 9 Ikraftsetting**

Forskrifta trer i kraft straks og gjeld ut valperioden.